

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2015

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn

Bruk av spørjeskjema som evalueringsmål for effekt av foreldrerettleing i PBU.

Prosjekteigar (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)
Helse Førde, Psykisk helsevern, Psykisk helsevern for barn og unge.

Prosjektleder (kontaktperson)

Are M. Lillebø, seksjonsleder/psykolog Førde BUP, are.mikael.lillebo@helse-forde.no

Kort om bakgrunnen for prosjektet

Foreldrerettleing er hovudintervensjonen i PBU sine sped- og småbarnsteam. Internasjonal forskning viser at høg refleksiv fungering samsvarar med god foreldrefunksjon. Dermed er det ei målsetting å få til ei auka refleksiv fungering gjennom foreldrerettleinga i PBU. Ønsket med prosjektet er å måle refleksiv fungering før oppstart av behandling og i/etter behandling for å sjå om foreldrerettleinga gir ønska effekt og for kven.

Mål for prosjektet

Evaluere effekt av behandlinga som blir gitt, og å undersøke om refleksiv fungering før oppstart av behandling kan indikere kva behandling som vil vera best egna.

Metodisk tilnærming og måling av effekt

Ein vil bruke det nyleg oversette spørjeskjemaet Parental Reflective Functioning Questionnaire (PRFQ) som mål både før, under og etter behandling. Spørjeskjemaet består av 18 spørsmål og er enkelt å administrere. Betinging i skåre vil vere indikator på positiv effekt.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Resultata vil kunne spisse intervensjonane som blir valgt dersom det viser seg å vera tydelege trendar i kven som nyttiggjer seg kva behandling ut frå nivå av refleksiv fungering. For pasientane sin del vil dette raskare kunne gi dei rett tilbod, og såleis effektivisere drifta av poliklinikken.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Dersom ein finn at måleinstrumentet gir klinisk nytteverdi, vil dette vera relevant kunnskap i klinisk praksis i heile regionen og vil i tillegg vera lett overførbart/gjennomførbart.

Oppstarttidspunkt (planlagt) 01.08.15

Sluttidspunkt (planlagt) 31.12.16